



Deler av byggjefeltet er avskoga. Her skal tomannsbustadane liggja (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no gjeve igangsettingsløyve for teknisk anlegg i byggjesteg 1 i Ospelunden. Løyvet gjeld for 6 vegar samt tilhøyrande leidnings og kabelgrøfter.

Det heiter mellom anna i løyvet at ein nabomerknad frå Olav Tvilde er ivareteke i eit spesielt vilkår.

Dette er at dersom overvassproblemet på nedsida av fylkesvegen nordvest i regulert område vert dokumentert merkbar forverra, så lyt utbyggjar finne ei løysing for å ivareta eller eventuelt oppgradera overvassanlegget frå fylkesvegen og til sjø.

I tillegg til planlagt støyskjerm langs gang- og sykkelveg så lyt plassering av uteplass, ventilasjonsløysing og lydvindauge vurderast for framtidige bustader med støynivå frå 55 dBA og oppover